



Barnehageplan 2016-2020 (Kvalitetsdel)



(Foto: Leirdalen barnehage)

«Eit samfunn for alle»

«Alle born skal ha tilbod om barnehageplass av god kvalitet»

Innhald

1.	Innleiing	3
1.1.	Bakgrunn	3
1.2.	Organisering av planarbeidet	3
1.3.	Evaluering av gjeldande plan	3
1.4.	Premiss for planarbeidet	4
2.	Status barnehagen i Meland	5
2.1.	Generelt	5
2.2.	Kapasitet	5
2.3.	Barnehagane i Meland	6
3.	Kvalitet og innhold i barnehagane i Meland	7
3.1.	Rammer for kvalitet	7
3.2.	Den gode barnehagen	8
3.2.1.	Strukturell kvalitet	9
3.2.2.	Prosesskvalitet	13
3.2.3.	Innhalds- og resultatkvalitet	15
4.	Områder for kvalitetsheving	17
4.1.	Strukturell kvalitet	17
4.2.	Prosesskvalitet	18
4.3.	Innhaldskvalitet	20
4.3.1.	Praksisforteljing fra Blåklokka barnehage	20
4.4.	Resultatkvalitet	21
5.	Mål, strategi og tiltak for perioden 2016-2020	23
Vedlegg	24	
Vedlegg nr. 1 – Modell «Barnehagen som heilhetleg pedagogisk arena	24	
Vedlegg nr. 2 - Brukarundersøking	25	

1. Innleiing

Barnehagen er underlagt Kunnskapsdepartementet, og reknas som det første ledet i utdanningsrekka. Barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemد.

1.1. Bakgrunn

Barnehageplan for perioden 2016-2020 er den tredje barnehageplanen til Meland kommune. Den siste planen er frå 2010-2012 (KS-sak 16/12 2009). I sak 031/13 vedtok «*Utval for levekår*» oppstart av arbeidet med revidering av barnehageplanen for perioden 2013-2017.

Planen skal være retningsgjevande for arbeidet i barnehagesektoren i Meland kommune, for både politikaren, administrasjonen og det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Barnehageplanen har status som temaplan. Grunna mange usikre moment i sektoren dei siste åra, har planarbeidet vore utsett nokre gonger. Planen sin varighet er difor endra frå 2013-2017 til 2016-2020, og vil gjelde ut valperioden.

1.2. Organisering av planarbeidet

Barnehageplanen har vore utarbeidd av administrasjonen. Barnehagefagleg rådgjevar har leia arbeidet med ny plan. Det har vore nedsett ei faglege arbeidsgruppe bestående av tre private styrarar og ein styrar i kommunal barnehage. Deltakarane i arbeidsgruppa har vore:

- Beate Jakobsen frå Leirdalen barnehage
- Rigmor Sletten frå Blåklokka barnehage
- Toril Seiliussen frå Drømmehagen barnehage
- Camilla Smith-Strøm, styrar i Marihøna barnehage
- Mette Marei Træland, barnehagefagleg rådgjevar

Andre avdelingar har medverka med andre fagressursar etter behov og tema. «*Utval for levekår*» har vore politisk referansegruppe, og har fått planen til godkjenning. Planen skal på høyring hos alle barnehagane, fagorganisasjonane, PPT og politiske utval. Høyringsfristen vert sett til 19. april 2016. Alle innspel til planen vil bli vurdert av administrasjonen og lista opp som vedlegg til revidert plan.

1.3. Evaluering av gjeldande plan

Ved analyse av den gamle planen har måla vore realisert i høve til kapasitetsdelen og barnehageutbygging. Det er ikkje realisert open barnehage, og den kommunale barnehagedrifta er redusert. Økonomidelen har vore følgt opp med auka budsjett av sektoren i planperioden. Likevel krev auke av plassar nøyne oppfølging og justering av satsane i åra framover.

Kvalitetsdelen har vore delvis oppfylt. Det er god barnehagelærardekning, men ein har ikkje fått på plass eit heilskapleg kvalitetssystem. Assistentgruppa i Meland har på landsbasis låg andel assisterantar med fagarbeidarutdanning. Dette er eit område ein lyt arbeida meir med.

I planen vidare heldt me oss til tre perspektiv:

- Det overordna er kva Meland kommune ønskjer for barnehagane (visjon)
- Kva dette betyr for den vaksne si rolle i organisasjonen.
- Kva det betyr for barna og kva tilbod dei får.



(Foto: Torill Seliusen)

1.4. Premiss for planarbeidet


I tabellen nedanfor finn ein Meland kommune sine overordna mål i kommuneplanen. Desse mål vil ligge som ein premiss for planarbeidet.

Meland kommune sine overordna mål for kommunen:	Meland kommune sine overordna mål for barnehagane og sektoren si vidareføring av kommunen sine mål inn i sin kvardag:
Kommuneplan for 201-2025 Visjon "Eit samfunn for alle"	Kommuneplan for 2013-2025: Overordna mål for alle barnehagane: <i>«Meland kommune skal sikra at alle born har tilbod om barnehageplass av god kvalitet»</i>
Vi skal medverka til å oppleve god livskvalitet (Kap 3)	Vi skal ha fokus på omsorg leik og læring <ul style="list-style-type: none">Barnehagen er fyrste ledet i utdanningsløpet, det skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemد
Vi skal ha ei berekraftig utvikling (Kap 4)	Legge til rette for kompetanseheving av personalet <ul style="list-style-type: none">Barnehagen skal vera ein lærande organisasjonStimulere til framtidsretta, innoverande, profesjonelle miljø.
Folkehelse i alt vi gjer (Kap 5)	Barnehagen skal vere ein god læringsarena <ul style="list-style-type: none">Miljøet skal leggje grunnlag for at borna vert ivaretatt fysisk og psykisk.Vi skal sjå heile menneske.Vi skal leggje grunnlag for identitetsbygging og tilknyting til heimstaden som varer livet ut.
Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland (Kap 6)	Vi skal tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader.

2. Status barnehagen i Meland

2.1. Generelt

I Meland er det 8 private og 1 kommunal barnehage. Det er mange barnehageaktørar alt frå lokale enkelmannsføretak til store barnehagekjedar som driv dei private barnehagane. Mangfald i sektoren er viktig fordi det vil gje ulike tilbod til foreldre og born. Samstundes kan barnehagane samarbeide og saman utvikle kvaliteten. Årsmeldinga 15.12.14 viste at det var 597 born med plass i dei ulike barnehagane (sjå tabell under). 351 var store born (tre til 5 år) og 237 småborn (eitt til 3 år). Meland har god dekning i høve til barnehageplassar per i dag. Det gjeld både dei som har rett på plass etter lova og dei som ikkje har det.



Tabell over viser ein auke i barnetal og særskilt born i alderen 1-2 år.

2.2. Kapasitet

Til hovudopptaket 2015 (per 01.03.2015) var det 210 søkjrarar. Alle born som hadde rett til plass fekk eit tilbod. Barnehagane i Meland ligg geografisk spreidd i heile kommunen. Utbygginga har vore styrt av den gamle strukturplanen der det skulle vere ein barnehage i kvar krins.


Det var 15. desember 2015 registrert 603 barn med plass i barnehagane i Meland. Innbyggjartalet i Melander per 31.12.2015 er på 7812. Det er mange familiar med tilknyting til barnehagesektoren.

Barnehagane er etter kvart store bedrifter i Meland kommune. Til saman var det 15.12.15, 163 tilsette, og 154 årsverk i dei 9 barnehagane. I tillegg har barnehagane fire lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

I desse dagar ligg det ut ei høyring på barnehagelova som mellom anna inneber eit forslag om å utvide retten til barnehageplass. Barn fødd i september og oktober vil ha rett til barnehageplass denne mnd. dei fyller 1 år. Dette vil i utgangspunktet ikkje føre til nye utfordringar for sektoren, då ein i dag har ledig kapasitet.

2.3. Barnehagane i Meland


Meland kommune har løyst barnehageutbygginga med private utbyggjarar. Oversikten under viser utviklinga over tid når det gjeld kven som står som eigar av barnehagane (ikkje-kommunal eller kommunal).



Per 01.01.2016 er det 9 barnehagar i kommunen, og tabellen under gir ein oversikt.

	Barnehage	Eigar
1	Leirdalen Barnehage	Ikkje-kommunal
2	Blåklokka barnehage	Ikkje-kommunal
3	Læringsverkstedet Flatøy barnehage.	Ikkje-kommunal
4	Drømmehagen barnehage A/S.	Ikkje-kommunal
5	Leiketun barnehage	Ikkje-kommunal
6	Læringsverkstedet Maurtua barnehage.	Ikkje-kommunal
7	Espira Marthahaugen Barnehage AS	Ikkje-kommunal
8	Litagod familiebarnehage	Ikkje-kommunal
9	Marihøna barnehage	Kommunal

Kommunen har flest ordinære barnehagar. Tabellen under viser ein oversikt over typar barnehagar.





(Foto: Leirdalen barnehage)

3. Kvalitet og innhold i barnehagane i Meland

3.1. Rammer for kvalitet

Barnehagelova er styrt gjennom Lov om barnehagar med forskrifter. Dette gjeld om barnehagane er private eller kommunale. Barnehagelova inneholder føresegner om føremål og innhold i barnehagen, barn og foreldre sin rett til medverknad, godkjenningsplikt og oppgåvefordeling mellom staten, kommunen og barnehageeigar. Den regulerer også barnehagemynden sine generelle oppgåver, barnehagen si bemanningsnorm og ulike føresegner som til dømes teieplikt, opplysningar til sosialtenesta osv.. Rammeplan for barnehagen er ei forskrift til lova. Den tydeleggjer mellom anna fagområda som godkjente barnehagar skal arbeide med gjennom barnehageåret. Sjå tabell under.

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, bevegelse og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Antall, rom og form

Prosessen med ny rammeplan er utsett, og revidert rammeplan vert etter planen innførd i 2017.

I [Lov om barnehage § 1](#) les ein om formål, verdigrunnlag og oppgåver:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Alle barnehagar skal ha ein årsplan/verksemndplan. Årsplanen beskriv korleis barnehagane praktiserer barnehagelova og rammeplane sine føresegner. Det er samarbeidsutvalet i kvar barnehage som fastset årsplanen.

Barnehagepersonalet og foreldra skal samarbeide for at barnet sitt beste skal bli ivaretake i barnehagen. Det er viktig med brukarmedverknad og samarbeid mellom heim og barnehage. Det er difor naudsynt med foreldresamtalar, foreldremøter og brukarundersøkingar.

Kommunen er lokal barnehagemynde. Dette inneber mellom anna at kommunen skal gje rettleiing til barnehagane og sjå til at barnehagane til ein kvar tid vert driven i tråd med gjeldande regelverk.

Med utgangspunkt i barnehagen sitt samfunnsmandat har regjeringa tre hovudmål for barnehagesektoren (St. meld. Nr. 41 2008-2009 Kvalitet i barnehagen):

- ✚ Sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar
- ✚ Styrke barnehagen som læringsarena
- ✚ Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

3.2. Den gode barnehagen

Barnehagesektoren i Meland er stor og variert, og felles visjon for barnehagane er:


«Meland kommune skal sikra at alle born har tilbod om barnehageplass av god kvalitet.»

(Kommuneplan, Samfunnsdel, 2013-2025)

Kva er så ein god barnehage? Stortingsmelding 41 «Kvalitet i barnehage» og anna forsking viser kjenneteikn på god kvalitet. Sentrale punkt kan vera:

- Samspel mellom barn og vaksne er kjenneteiknande av at den vaksne er lyttande, omsorgsfull og tilgjengeleg for barna.
- Personale som er engasjerte i sitt arbeid med barn.
- Personale som sjølv søker kompetanseheving og eigar som legg til rette for dette.
- Barnehagen er godkjent etter HMT (Lov om miljøretta helse)
- Nok vaksne til å samhandle med borna på ein god måte.
- Stortingsmelding 24 seier om bemanning: «Mål om lovfesta bemanningsnorm innan 2020».
- Personalutvikling som sikrar kontinuitet, stabilitet og forbetringar.

Det er forska på kvalitet. I eit prosjekt tok ein utgangspunkt i fire dimensjonar for å måle kvalitet. (Dansk Clearinghouse for Uddannelsesforskning (DCU) har gått gjennom 289 forskingsrapportar frå 2006 til 2011 og undersøkt kva som er meint med kvalitet i barnehagen. Dei finn fire ulike typar kvalitet, og det er desse fire typar for kvalitet me vil bruke som kvalitetsindikatorar i planen. Sjå modell under.




Figur 1: Modell over kvalitetstyper

3.2.1. Strukturell kvalitet


Dei strukturelle elementa ved kvalitet inkluderer normering og bemanning, barnehagepersonalet sine kvalifikasjonar og utdanning, arbeidsforhold, samt fasilitetar og ressursar i barnehagen. Strukturelle faktorar er i høg grad styrt av rammer utanfor barnehagen, som økonomi. For at barna skal ha ei god utvikling, er det viktig at barnehagen har god kvalitet.

Forsking kan vise til nokon kjenneteikn ved barnehagen som er avgjerande for kva for ein kvalitet det er på det tilbodet som barna får. For det første er gode barnehagar kjenneteikna av at dei vaksne kommuniserer og resonnerer med barna, stiller aktive spørsmål og stimulerer barna til å reflektere, tenke og bruke språket (Nordahl og Qvortrup 2012). Dette krev mellom anna at det er tilstrekkeleg bemanning i barnehagen (Zachrisson mfl. 2012). Vidare er det viktig med både kvinnelege og mannlege tilsette, tilsette med ulik etnisk bakgrunn og eit stabilt personale med lite utskifting (Bauchmüller mfl. 2011). Internasjonal forsking viser også at utdanningsnivået til dei tilsette er viktig for kvaliteten i barnehagen (Dalli mfl. 2011). Dette krev ei økonomiramme som er gjennomtenkt, samarbeida om og stabil.

Tabellane under gir ein oversikt over status for strukturkvalitet for barnehagane i Meland. Vi ser på tal barn per vaksne, normkrav, leike- og oppholdsareal og foreldre si vurdering og fysiske tilhøve og kompetanse blant dei tilsette.




Tabell over, henta frå Udir (Basil), viser ein oversikt over antall barn per vaksne, og utviklinga over tid. Barnehagane i Meland ligg over snittet for landet alle tre åra.



Tabellen over viser antal barnehagar under, på og over normkrav. Regulert i forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Det gjeld pedagogisk leiarressurs i høve til antal born (alle pedagogiske leiarar). Oversikten viser at majoriteten av barnehagane i 2014 ligg på normkravet eller over, to av barnehagane ligg under.


Leike og oppholdsareal per barn (m²)




Tabell over viser leike- og oppholdsareal for barnehagane i Meland samanlikna med nasjonale nivå. Over tid har areal per born heldt seg stabil og over nivå for landet, utanom i 2014 då me låg noko under. I Kunnskapsdepartementet sine merknader til barnehagelova er det fastset rettleiande norm for inne- og uteareal: Inne - 4m² netto leike- og oppholdsareal for barn over 3 år og om lag 1/3 meir per barn under 3 år. Ute - Omlag 6 gonger leike - og oppholdsareal inne.

Våren 2015 gjennomførte alle barnehagane i kommunen «Betre kommune» si foreldreundersøking (sjå vedlegg 2 for samla resultat). Totalt sett kom barnehagene ut med gode resultat.


Generelt



På spørsmål i kor stor grad foreldre er nøgd med barnehagen, alt i alt, får barnehagane i Meland i samla skår på 5,2 mot landet som har ei skår på 5,2.




Foreldre gir ei god skår når det gjeld fysiske tilhøve. Barnehagane skårar på nasjonalt nivå eller over, utanom uteområder der dei skårar under. Alle barnehagane er av nyare bygg utanom den kommunale barnehagen.




Resultat frå temaet tilgjengeleghet samla for barnehagane viser ein høg skåre, over nasjonalt nivå.

Andel tilsette med pedagogisk utdanning



Tabellen over viser ein oversikt over andel tilsette med pedagogisk utdanning (Udir, Basil). Utviklinga over tid har vore god og barnehagane ligg over nasjonalt nivå.


Andel tilsette med barne- og ungdomsarbeiderfag




Tabellen over viser ein oversikt over andel tilsette med barne- og ungdomsarbeiderfag (Udir, Basil). Her ligg barnehagane under nasjonalt nivå på alle åra.

3.2.2. Prosesskvalitet


Dei prosessuelle elementa ved kvalitet handlar om interaksjon mellom barn og vaksne, og om barnehageleiring. Samarbeid med foreldre og brukarmedverknad kan sjåast på som prosesskvalitet.



I foreldreundersøkinga som vart gjennomført våren 2015 skårar barnehagane samla på nivå med landet når det gjeld brukarmedverknad. Det vil sei at føresette generelt opplever å ha eit godt samarbeid med barnehagane og at dei har ein reell medverknad.



Foreldre er også godt nøgd med informasjon dei får om kva som skjer i barnehagen, her skårar dei samla over nivå for landet. Når det gjeld informasjon om korleis barnet har det skårar barnehagane under nivå for landet.




Foreldre si oppleving av i kvar grad dei vert møtte med respekt og vert teken på alvor viser lågare skår enn for landet. Dette er eit område barnehagane arbeider med og vil ha vidare fokus på.

3.2.3. Innholds- og resultatkvalitet

Innholds- og resultatkvalitet kan ofte vere vanskelig å skilje frå kvarandre. Innholdskvalitet handlar om barnehagen sin «indre kvalitet» og korleis barnehagen lever opp til krava i rammeplanen. Resultatkvalitet handlar om som effektar eller verknader av barnehagen, som til dømes fagleg utbytte eller sosialt utbytte for det einskilde barn. Det kan også visast til samfunnsmessige og samfunnsøkonomiske konsekvensar av å ha barn i barnehagen. Resultatkvalitet kan altså både sjåast på individ-, institusjons- og på samfunnsnivå.


Norsk og internasjonal forsking viser at barnehagedeltaking er positivt for barnas språkutvikling. Barn som går i barnehage, har mindre sannsynlighet for sein språkutvikling samanlikna med barn som ikkje går i barnehage (Lekhal 2012). Barnehagen ser også ut til å være positivt for barnas utvikling av sosial kompetanse. Barn som begynner tidleg i barnehage, har betre sosial kompetanse ved to års alder samanlikna med barn som er heime (Zachrisson mfl. 2011). Denne forskjellen vises ikkje når barna har blitt tre år. Då er det ingen forskjellar i foreldrerapportert sosial kompetanse mellom barn som går og ikkje går i barnehage (Zachrisson mfl. 2012). Det ser heller ikkje ut til at barn som har tidleg barnehagestart, er meir uthyrge eller har ein dårlegare tilknyting til barnehagen samanlikna med barn som begynner seinare i barnehagen (Zachrisson mfl. 2011).

Resultat for brukerne



Tabellen over viser «Resultat for brukarane». Samla sett ligg barnehagane over eller på nasjonalt nivå, med unntak av «barn sin sosiale utvikling» og «personalet sitt omsorg for barnet» som ligg under nasjonalt nivå.

Trivsel



Resultat frå tema trivsel i tabell over viser at barnehagane samla sett ligg under eller på nivå for landet.

4. Områder for kvalitetsheving

Hovudområda tek utgangspunkt i kommuneplanen utviklingsområder for barnehagen 1) fokus på omsorg, leik og læring, kompetanseheving, barnehagen som læringsarena og fysiske omgjevnader. Desse områda byggjer igjen på kommuneplanen sine overordna mål knytt til «God livskvalitet», «Berekraftig utvikling», «Folkehelse» og «attraktiv næringskommune». Basert på analyse av data i kappittel 3.2. er det nokre områder som utpeikar seg. Det er fysisk utedmiljø, samhandling med føresette , personalet si omsorg for barnet, dei tilsette sin kompetanse til å gjere ein god jobb, barn sitt vennskap med andre barn, trivsel og barnas utvikling. Kapitela under er delt opp i kvalitetsområda struktur, prosess, innhald og resultat.

4.1. Strukturell kvalitet

Dei strukturelle elementa ved kvalitet inkluderer normering og bemanning, barnehagepersonalet sine kvalifikasjonar og utdanning, arbeidsforhold, samt fasilitetar og ressursar i barnehagen. Analysen av dei strukturelle kvalitetsfaktorane og nasjonale føringer på området gjev oss grunnlag for å satse på følgjande strukturmål:

- Mål om å få 80% fagarbeidrarar i barnehagane
- 50 % av dei tilsette skal vere pedagogar
- 20 % menn i barnehagane
- Tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader
- Kompetanseheving av personalet i tråd med lokale og nasjonale behov

Mål om å få auka andel barne- og ungdomsarbeidrarar og pedagogar er avgjerande for å auke kvaliteten i barnehagane. I Meland ligg barnehagane samla sett under nasjonalt nivå når det gjeld andel barne -og ungdomsarbeidrarar. Meland kommune har god pedagogdekning, men femti prosent av dei tilsette er ikkje pedagogar. I høve Brenna-utvalet (NOU 2012:1 «Til barnets beste») vert det tilrådd at kring halvparten av dei tilsette er pedagogar.

Eit av dei fire overordna måla i kommuneplanen er at vi skal vere ein av dei *mest attraktive næringskommunane i Hordaland*. Ein viktig strategi for å nå dette målet er å kunne tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader. Resultat frå foreldreundersøking gjennomført våren 2015 viser at kommunen samla sett ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld barnehagane sitt uteområde. Dette vil variere frå barnehage til barnehage, og det vert difor viktig å kartlegge status for dei ulike barnehagane og sjå på godkjenninga av barnehagane.

Dersom barnehagane skal kunne bidra til kommunen sitt overordna mål om å ha ei berekraftig utvikling, vil kompetanseutvikling vere ein nøkkelfaktor. Barnehagane skal vera ei lærande organisasjon og stimulere til framtidsretta, innoverande, profesjonelle miljø.

Områder for kompetanseutvikling i planperioden vil vere basert på nasjonale og kommunale føringer, lov, forskrift, rammeplan og lokale tilhøve. Kunnskapsdepartementet sin [«Strategi for kompetanseutvikling og rekruttering»](#) frå 2014-2020 fokuserer mykje på at kvaliteten i barnehagen handlar om kompetente leiarar og fagleg reflekterte vaksne. Dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste einskilde faktoren for at born skal trivast og utvikla seg i barnehagen. For å kunna sjå, anerkjenne og følgje opp borna i deira utvikling må ein ha kompetent personale. Difor vil investeringar i dei tilsette si kompetanseheving vera likestilt med å investera i borna.

Den nasjonale kompetansestrategien omfattar fire tematiske satsingsområde som er forankra i formålet og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Desse er 1) Pedagogisk leiing og barnehagen som lærande organisasjon, 2) Danning og kulturelt mangfold, 3) Eit godt språkmiljø for alle barn og 4) Barn med særskilde behov.

Satsingsområdene skal vere førande for barnehagane sitt arbeid med kompetanseutvikling i åra framover. Kompetanseheving i den einskilde barnehage er barnehageeigar sitt ansvar. Private barnehagar som ikkje ønskjer å følgje opp kommunen sine mål for barnehagekvalitet må kunne vise til system der kvalitet og kompetanse vert ivaretakken. Systemet skal sikra at personalet i barnehagen har naudsynt kompetanse slik at dei krav som vert stilte til barnehagen sitt innhald og oppgåver i rammeplanen og loven elles vert oppnådd.

I Meland er det gitt tilbod om kompetanseheving og kurs gjennom Nordhordland kursregion. Det er laga ein interkommunal opplæringsplan, som vert fletta saman med den felles opplæringsplanen for alle barnehagane i Meland. I tillegg har kvar eigar og barnehage planar som er forankra i sin barnehage.

Barnehagar frå Meland har vore med på nasjonale pilotprosjekt. Meland kommune har forum for fagleg samarbeid som til dømes nettverksgruppe for styrarar, basisteam for barnehage og opplæring på «*International Child Development Program*» ICDP (Bufetat). ICDP er eit program for sensitivisering for å få gode relasjonar mellom vaksne og born. Ein viktig strategi vert å forsetje arbeidet med ICDP og lage ein plan for kompetanseheving og implementering av dette programmet i alle barnehagane. Tilsyn og rettleiing vert også eit verkemiddel for å nå desse måla.

Lokal kompetanseplan i høve til lokale satsingsområde og kartlegging av kompetanse må sjåast saman med kvalitetsplanen. Døme på kompetansearbeid i Meland kommune:

- Leiarutvikling på styrar og pedagogivå.
- Pedagogisk utviklingsarbeidstudier: matematikk (HIB), Natur og miljø (HIB)
- Nasjonalt Danningsprosjekt gjennom Fylkesmannen
- Pedagogisk rettleiing, spesialpedagogikk, Musikk dans drama(HIB)småbarnspedagogikk,
- Nasjonal styrarutdanning.
- Pilotprosjekt : 11 assistenter var med på 15 studiepoeng på NLA.
- Andre lokale prosjekt: Personalteambygging med kunst som metode(Nasjonal satsing KDP) barnehagetilsette sin pedagogiske kompetanse i praksis, samt læringsmiljøet i barnehagen.
- Samarbeid med andre instansar lokalt: Barnehagebibliotek, basisteam, ICDP, m.m.

Det er naudsynt at kommunen heldt fram samarbeidet med dei andre kommunane i regionen når det gjeld kompetanseheving, og prioriterer nasjonale prosjekt. Hovudsatsinga i planperioden vert å heve kompetanse hos dei vaksne når gjeld ICDP-metodikk.


Meland kommune har som mål at forskingsbasert kunnskap vert nytta i planar og kunnskapsbyggjande arbeid. Meland kommune har vore med på ei rekke prosjekt i samarbeid med universitet og høgskular for å styrke barnehagen som ein lærande organisasjon. Gode prosjekt som ein ønskjer å vidareutvikle. Me kan nemne: 1) Likestilling og likeverdsprosjekt (NLA) Danning (UDIR, NLA, HIB) 2) Tidlig registrering av åtferdsvanskar (StatpedVest), 3) Comenius (NNNN) og 3) Kunst (NLA ,Dr. Mauds minne)

4.2. Prosesskvalitet

Dei prosessuelle elementa ved kvalitet handlar i høgare grad om interaksjon mellom barn og vaksne. Dessutan omhandlar prosesskvalitet barnehageleiing. Resultat frå foreldreundersøkinga viser at barnehagesektoren må ha større fokus på samarbeidet mellom barn og vaksne og føresette. Følgjande prosessmål vert difor aktuelle i planperioden:

-  Styrke arbeidet med informasjon og samhandling med føresette
-  Føresette og barn skal bli møtte med respekt og verte tekne på alvor
-  Personalelet skal vise omsorg for barnet

Nokre barnehagar i Meland nyttar allereie ICDP i dag. Som nemnt er ICDP eit program for sensitivisering for å få gode relasjoner mellom vaksne og born. Dette programmet er først og fremst eit rettleiingsprogram retta mot omsorgsgivarar. Programmet består av nokre hovudkomponentar som vist i figur under.



Tabell: De tre dialogene og åtte tema for godt samspill

DEN EMOSJONELLE DIALOGEN	1. Vis positive følelser – vis at du er glad i barnet ditt 2. Justér deg til barnet og følg dets initiativ 3. Snakk til barnet ditt om ting det er opptatt av og prøv å få i gang en «følelesmessig samtale» 4. Gi ros og anerkjennelse for det barnet klarer å gjøre
DEN MENINGSSKAPENDE DIALOGEN	5. Hjelp barnet til å samle oppmerksomheten sin, slik at dere har felles opplevelse av det som er rundt dere 6. Gi mening til det barnet opplever av omverdenen ved å beskrive det dere opplever sammen og ved å vise følelser og entusiasme 7. Utdyp å gi forklaringer når du opplever noe sammen med barnet ditt
DEN REGULERENDE DIALOGEN	8a. Hjelp barnet til å lære regler, grenser og verdier 8b. Hjelp barnet til å planlegge aktiviteter steg for steg og å nå mål

Åtte tema for godt samspel som vist i figur over, vert brukte som eit reiskap for rettleiing i høve til omsorgsgivar – barn forholdet. Ved første augekast kan desse tema virke sjølvsagte og trivielle. Det er først når dei skal gjennomførast i praksis at ein forstår deira verdi.

Ein viktig strategi her vil også vere å forsetje arbeidet med ICDP og lage ein plan for implementering av ICD-programmet i alle barnehagane. Tilsyn og rettleiing vert også eit verkemiddel for å nå desse måla.

4.3. Innholdskvalitet

Innhalds- og resultatkvalitet kan ofte vere vanskelig å skilje frå kvarandre. Innholdskvalitet handlar om barnehagen sin «indre kvalitet» og korleis barnehagen lever opp til krava i rammeplanen. Bakgrunn for val av følgjande innhaldsmål er nasjonale fôringar knytt til realfag, kommuneplan og lokale tilhøve.

- ⊕ Arbeid med *språk* i barnehagane
- ⊕ Arbeid med *realfag* i barnehagane
- ⊕ Arbeid med *tidleg innsats* i barnehagane
- ⊕ Arbeid med *berekraftig utvikling* i barnehagane

Barnehagen som læringsarena og som ei førebuing til den læringa som skal gå føreseg i skulen, har vore understreka i viktige offentlege dokument dei seinare åra. Det er et klart ønskje om å forsterke barnehagen som ein organisert og formell læringsarena. Dersom ein ønskjer gode resultat ved slutten av grunnskuleopplæringa treng ein å start allereie i barnehagane. Språk, realfag og tidleg innsats vil vere satsingsområde som skal vere gjennomgående for barnehage og skule i Meland. I tillegg vil arbeid med berekraftig utvikling vere eit satsingsområde i planperioden.

I Melding til Stortinget 18 (2010-2011) Læring og fellesskap presenterte Kunnskapsdepartementet strategien *fange opp - følge opp*. Både skulen og barnehagen skal bli betre til å fange opp og følge opp dei som treng hjelp og støtte. I den samanheng er kommunen i gang med å starte opp eit eige prosjekt knytt til «*Tidleg innsats*». Mål med prosjektet er å auke kompetanse gjennom kurs og nettverkssamlingar. Tema vil vere knytt til kartlegging, problemløysingsmetodar, språk, psykisk helse og relasjonsbygging. Meland PPT vil ha ei aktiv rolle i dette prosjektet. Det er eit ønskje å sjå nærmare på organiseringa av den spesialpedagogiske hjelpa/støttemidlar, men dette arbeidet vil bli i samband med utbygging av ny kommunal barnehage og ein eventuell ny kommune.

Berekraftig utvikling handlar om haldbarheit. Dei vala me tar skal vare inn i framtida. Barnehagane skal vere viktige bidragsytarar til ei berekraftig utvikling. Respekt og omsorg skal gå hand i hand med kunnskap og skape nye idear. Framtida er avhengig av kjærleik til natur og menneske og i tillegg formell kunnskap som kan skape ny teknologi og nye arbeidsplassar. Barnehagane kan gjennom pedagogiske mål vera med å skapa ny framtid. I teksten under deler Blåklokka ei praksisforteljing frå arbeid med berekraftig utvikling i barnehagen. Kompetansen som Blåklokka barnehage har erverva seg gjennom dette prosjektet, vil danne grunnlag for å spreie kompetansen og arbeidet vidare til alle barnehagane i kommunen.

4.3.1. Praksisforteljing frå Blåklokka barnehage

Berekraftig utvikling barnehagen: «*Formidling og vidareføring av tankar og handlingar som i dag skal møte våre behov. På same tid som barna saman med personalet byggjer på, og utviklar tankar og handlingar, utan at det vil øydelegge for framtidige generasjonar sin mulighet til å møte sine behov*

OMEP (Organisation Mondiale pour l'Education Préscolaire) er ein internasjonal, uavhengig organisasjon (NGO) som har rådgjevande status hjå UNESCO og UNICEF. OMEP arbeider for å beskytte og få frem barnas rett til utdanning og omsorg over heile verda. OMEP har forska på ulike utviklingsprosjekt om utdanning rundt omgrepet berekraftig utvikling sidan 2010. Dei har arbeidt i fasar på tvers av aldersgruppa 0-18 år.

Education for Sustainable Sevelopment, (ESD) sitt mål er å utvide barn og barns utdanningsinstitusjonar sin medvit rundt berekraftig utvikling. Som ein del av dette blei det utarbeidd eit verktøy for institusjonane som arbeider med barn, som vi gjennom analyse kan bruka for å finne ut vårt ståstad i dag, og kva kan ein vil vi satse på og gjera meir av i framtida. Dei trengte

praksis/kvardagsidear som kan hjelpe pedagogar verda over til å implementere berekraftig utvikling i sine læreplanar.

Våren 2015 tok Blåklokka barnehage utfordringa til å prøve ut denne kvalitetsreiskapen som skulle sjå på om dei i sine aktivitetar og driftsmåte fremma berekraftig utvikling, på sosialt, kulturelt, økonomisk og økologisk nivå. Det dei oppdaga var at i barnehagen sine eksisterande prosjekt som "barn hjelper barn", "vennskap" (antimobbing), "karneval", "nærmiljøkafé", er desse ordinære aktivitetana noko som fremmar særskild sosial og kulturell berekraft. Dei velde å senda inn skildring av "vennaksprosjektet" dei byrja på i august, som munna ut i ein musikal i desember 2014. Dette prosjektet fremma barn og personale si forståing av å vera «**Unik og viktig i seg sjølv**», der dei med si rolle, saman med andre kan bidra til å vera:

- Ein del av ei gruppe venner
- Ein del av eit nærmiljø
- Ein del verda

Prosessen barn og personale går gjennom består av ulike inntrykk, samlingar, samtale, observasjon og dokumentasjon av reaksjonar hjå barna som fører oss inn i prosjekt og aktivitetar. Avhengig av modningsnivå hjå barna på avdelinga, er nokre aktivitetar initiert av personale og andre av barna. Gjennom desse aktivitetane lærer barna å bruke teknikkar for å få fram uttrykk som viser deira refleksjon rundt tema, og elles det dei har undra seg på og arbeidd vidare med. Slik kan dei påverka sin eigen kvardag, læra seg å reflektera over muligheter, ta val, og sjå konsekvensane av dei. Frå 70 nasjonar blei Blåklokka barnehage sitt bidrag valt som eit av syv prisvinnande dømmer. I veke 31 2015 var representantar frå Blåklokka barnehage i Washington DC der dei fekk utdelt pris, og der dei presenterte prosjektet for verdsforsamlinga i OMEP.

Blåklokka arbeider vidare med berekraftig utvikling som hovudtema i 2015-2017. 2015/16 har basane fokus på "lause materiale"/resirkulering, alt som kan bli flytta, bært og brukt til ulike ting. Dette beskriv aktivitetar som fremmer leik der barna og personalet tenker "utanfor boksen". Den vaksne si rolle i leiken vert å støtte, stille gode spørsmål, og vere den rollemodellen som får frem den framtidige ingeniøren. Meir informasjon kan ein få med å lese i barnehagen sin årsplanen for 2015/2016 og på heimesida til barnehagen.

4.4. Resultatkvalitet

Kommunen sitt overordna mål er at vi skal tenkje *folkehelse i alt vi gjer*. Det viktigaste for barnehagane vil vere å utvikle eit miljø som fremjer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og førebygger sjukdom og skade. Målet er at menneske skal få eit godt livsløp der dei får høve til å nytte sine evner, få gode haldningar og vanar og ha sosial tilknyting til samfunnet dei bur i. Barnehagane gjev born eit godt grunnlag for livet. Folkehelse handlar mykje om førebygging.

Resultat frå foreldreundersøkinga gjev grunnlag for å setje opp følgjande resultatmål for planperioden:

- *Barn skal oppleve vennskap med andre barn*
- *Barn skal ha oppleve glede og trivsel barnehagen*

Kommunen har signert [«Nasjonalt manifest mot mobbing»](#) med mål om at «Alle barnehagane arbeider systematisk med det psykososiale miljøet». Dette arbeidet vil vidareførast inn i ny planperiode. Døme på tiltak er «venskapsprogram» i alle barnehagane, årleg kartlegging og evaluering av arbeidet mot mobbing og auka kompetanse i å gjennomføre barnesamtalar. Auka kompetanse til å sjå heile barnet vil skje gjennom innføring av ICDP-kompetanse og relaterte kurstilbod.

Kapittel fem gjev ein oversikt over mål, strategi, tiltak, tidsfristar og kostnad for planperioden.

HØYRINGSUTKAST


5. Mål, strategi og tiltak for perioden 2016-2020

Overordna mål for barnehagen: «Meland kommune skal sikra at alle barna har tilbod om barnehageplass av god kvalitet»

Kommuneplan 2014-2025	Mål og strategi 2016-2020				Frist	Kostand
	- Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla		
Legge tilrette for kompetanseheving av personalet	Strukturelle mål <ul style="list-style-type: none">■ Mål om å få 80% fagarbeidrarar■ 50 % av dei tilsette skal vere pedagogar■ 20 % menn i barnehagane■ Tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader■ Kompetanseheving av personalet i tråd med lokale og nasjonale behov	Lage strategi for rekruttering av fagarbeidrarar og fleire menn i barnehagane Kartlegge tilstanden i dei ulike barnehagane Følgje føringar i nasjonal, regional og lokal kompetanseplan utviklingsplan for barnehagar. Barnehagebasert kompetanseutvikling. Barnehagane skal vera ein lærande organisasjon Tilsyn, rettleiing, kompetanseheving	<ul style="list-style-type: none">■ Motivere tilsette til å ta fagbrev■ Ta inn lærlingar■ Samarbeid med Universitet og Høgskule-sektoren■ Tilsyn, retteleiing, kurs.■ Samarbeid med Nordhordland kursregion og lokal organisering av kurs for tilsette i barnehagane i Meland kommune.■ Etablere lærande nettverk.■ Styrke analysekompetansen gjennom bruk av ståstadsanalyse.■ Revidere tilsynsplan■ Etablere system for kvalitetsoppfølging■ Bruk av foreldreundersøking og pedagogisk dokumentasjon■ Sertifisere ICDP-trenere på kommunalt nivå, og auke tall på sertifiserte rettleiarar■ ICDP-kurs for foreldre■ Søkje om å få bli realfagskommune■ Kompetanseheving i tråd med prosjektplan■ Evaluering og kartlegging av eksisterande tiltak	2020	Lærlingar: Innanfor eigen budsjetttramme	
Vi skal tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader	Prosessuelle mål <ul style="list-style-type: none">■ Styrke arbeidet med informasjon og samhandling med føresette■ Føresette og barn skal bli møtte med respekt og verte tekne på alvor■ Personalet skal vise omsorg for barnet	Lage strategi for realfag Gjennomføre prosjekt «Tidleg innsats og identifisering» Sjå på ny organisering av spesialpedagogisk hjelpe Språk. Ta i bruk ressursar som ligg på Udir. Gjennomføre tiltak i regi av manifest mot mobbing Utvikle barnas læringsmiljø Lage plan for arbeid og kompetanseheving knytt til berekraftig utvikling	<ul style="list-style-type: none">■ Venskapsprogram i alle barnehagane■ Årleg kartlegging og evaluering av arbeidet mot mobbing■ Kompetanse i å gjennomføre barnesamtaler■ ICDP-kompetanse■ Kurstilbod	2016 2020 2017 2020 2020	Kompetansemidlar: Ca 100.000,- statlege midlar	
Barnehagen skal vere ein god læringsarena	Innhaldsmål <ul style="list-style-type: none">■ Arbeid med <i>språk</i> i barnehagane■ Arbeid med <i>realfag</i> i barnehagane■ Arbeid med <i>tidleg innsats</i> i barnehagane■ Arbeid med <i>berekraftig utvikling</i> i barnehagane	Gjennomføre tiltak i regi av manifest mot mobbing Sjå heile menneske Identitetbygging.				
Vi skal ha fokus på omsorg, leik og læring	Resultatmål <ul style="list-style-type: none">■ Barn skal oppleve vennskap med andre barn■ Barn skal ha oppleve glede og trivsel barnehagen					Innanfor budsjettamma

Vedlegg

Vedlegg nr. 1 – Modell «Barnehagen som heilhetlig pedagogisk arena



HEYH

Vedlegg nr. 2 - Brukarundersøking

Spørsmålskategori	Spørsmål	Kommune	
Brukermedvirkning	Barnehagens interesse for dine synspunkter?	Meland	4,9
	Barnehagens samarbeid med hjemmet?	Meland	5,0
	Barnets muligheter for å være med å bestem..	Meland	4,7
	Dine muligheter for medinnflytelse over tilbud..	Meland	4,6
	Samarbeidsutvalgets arbeid for å sikre foreldr..	Meland	4,6
Fysisk miljø	Barnehagens fysiske innemiljø?	Meland	4,6
	Barnehagens inneområder?	Meland	4,7
	Barnehagens uteområder?	Meland	4,8
Helhetsvurdering	Alt i alt, i hvor stor grad er du fornøyd med bar..	Meland	5,2
Informasjon	informasjon om det som skjer i barnehagen?	Meland	4,8
	informasjon om hvordan ditt barn har det?	Meland	4,7
Respektfull behandling	Behandler barnet med respekt?	Meland	5,4
	Behandler deg med respekt?	Meland	5,4
	Tar barnet på alvor?	Meland	5,3
	Tar deg på alvor?	Meland	5,3
Resultat for brukerne	aktivitetsinnholdet i barnehagen?	Meland	5,1
	barnehagens arbeid som kulturformidler?	Meland	4,9
	barnehagens bidrag til ditt barns språkutviklin..	Meland	5,1
	barnehagens mattilbud?	Meland	4,7
	barnehagens tilrettelegging av skoleforberede..	Meland	5,0
	de ansattes kompetanse til å gjøre en god job..	Meland	5,2
	ditt barns sosiale utvikling?	Meland	5,4
	hvorordan barnehagen tilrettelegger for det enke..	Meland	4,9
	personalets omsorg for barnet?	Meland	5,4
Tilgjengelighet	lukketidspunktet?	Meland	5,4
	muligheten for variert oppholdstid (dager pr. u..	Meland	5,4
	åpningstidspunktet?	Meland	5,4
Trivsel	Allsidig lek og aktiviteter?	Meland	5,1
	At det er gøy i barnehagen?	Meland	5,3
	Godt sampspill med de voksne?	Meland	5,3
	Godt vennskap med andre barn?	Meland	5,2

Barnehage 2012 -
 Barnehage 2013 -
 Barnehage 2014 -
 Barnehage 2015 -

Kommune
All



Spørsmålskategorier

